

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket SMIL

OVERORDDNA RETNINGSLINJER FOR TILSKOT 2024 -2028



Botnen

19.02.24



SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL)

Overordna retningslinjer for SMIL tilskot i Kvam herad 2024 -2028

Innhald

1. Bakgrunn.....	3
2. Kommunale planar og overordna føringar	4
3. Kven kan søkja.....	4
4. Oversikt over tiltak.....	4
5. Prioritering av søknader.....	5
6. Landbruket i Kvam herad	5
7. Tildeling av tilskot til ordninga	6
8. Ulike tiltak som kan søkjast tilskot på.....	7
9. Presiseringar	12
10. Sakshandsaming.....	12
11. Samletabell med satsar	13

Overordna retningslinjer for SMIL tilskot i Kvam herad 2024 -2028 er utarbeida i samarbeid med Vikøy og Øystese Bondelag, Strandebarm-Tørvikbygd Bondelag, Kvinnherad og Kvam småbrukarlag, Kvam Sau og Geit, Kvam Fruktdyrkarlag, Tine produsentlag, Fyksesund Aust Beitelag, og Steinsdalen og Norheim Beitelag.



1. Bakgrunn

SMIL (Spesielle miljøtiltak i landbruket) er tilskot til tiltak utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Det er tiltak som fremjar natur- og kulturverdiane i kulturlandskapet og redusera forureining frå jordbruket.



Ny bru ved Longvotno i 2021. Fellestiltak mellom grunneigarane. Brua vert nytta til transport av dyr til beitemark på Kvamskogen. Brua vert mykje nytta til turføremål og grunneigarane tilrettela for bading, den vert og nytta til å trekke skiløype over på vinteren.

SMIL - tilskot er statlege midlar som vert overført til kommunane. Heradet forvaltar desse midlane ut frå lokale prioriteringar og utfordringar. *Overordna retningslinjer for SMIL tilskot i Kvam herad 2024 - 2028* er heradet si handbok i handsaming av søknadar om SMIL. Statsforvaltaren tildeler midlar til kommunane, handsamar søknadar om dispensasjon og er klageinstans på heradet sine vedtak.



2. Kommunale planar og overordna føringar

Overordna retningslinjer for SMIL tilskot i Kvam herad 2024 - 2028 skal vera i samsvar med kommuneplanar, sentrale forskrifter og strategiar. Desse er gjeldande for retningslinja:

- Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket, med kommentarer til regelverk [Forskrift](#)
- Kvam herad sin kommuneplan for næring- og kompetanse 2015-2023 «Sikra eit levedyktig småskala og storskala landbruk, oppretthalde eit levande kulturlandskap og stoppe attgroing innan strategisk viktige område»
- Kvam herad sin kommuneplan, samfunnsdel for 2015-2030 «Føremålet i planen er at kommunen skal verta eit førebilete i arbeidet med å redusera klimagassutslepp, gjennom eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Tradisjonelt landbruk skal ha høg prioritering i område vist som LNF-I»
- Kvam herad sin kulturminneplan for 2017-2027 «Synleggjera og informera om kulturlandskapet og kulturmiljø for å styrkja vår eiga historie og identitet.
- Kantvegetasjon langs vassdrag [NVE veileidar](#)
- Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag [Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag - Lovdata](#)
- [NLR lagring av rundballar](#)
- [SMIL-midlar til klima- og forureiningstiltak | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

3. Kven kan søka

Eigar eller leigar av ein landbrukseigedom med jordbruksproduksjon som oppfyller vilkåra for å søkje om tilskot til produksjons- og avløyartilskot i jordbruket kan søkja om SMIL-tilskot.

4. Oversikt over tiltak

Oversikt over kva du kan søka om tilskot til i perioden 2024 – 2028

Tema	Beskrivelse
Kulturlandsskap	Tiltak som skjøttar og restaurerer kulturlandskapet i heile kommunen. Knytte næring på garden inn i jordbrukslandskapet og kombinere kulturmark med naturopplevingar, handverk og lokale tradisjonar
Ureining og erosjon	Tiltak som avgrensar avrenning og ureining frå jordbruket til naturen. Erosjonssikring i tilknytting til inmarksareal.
Kulturminne og kulturmiljø	Tiltak som tar vare på kulturminne som syner tradisjonell bruk av landskapet og næringa.



Tilgjenge og friluftsverdiar	Tiltak som legg til rette for friluftsliv i jordbrukslandskapet. Forenkle tilkomsten til utmark for ålmenta gjennom kulturlandskapet.
Biologisk mangfald	Tiltak som tar vare på biologisk mangfald og utvikling av nye områder. Tiltak for pollinerande insekt. Nedkjemping av framande artar som parkslirekne og kjempebjørnkjeks.

5. Prioritering av søknadar

I prioritering mellom søknadane og tildeling av tilskot, vil me leggje vekt på fylgjande:

- Tiltak som avgrensar utslepp til luft, som tak over eksisterande gjødsellager
- Tiltak som avgrensar tap av næringsstoff til vassdrag, som fast rundballeplass og plantning langs vassdrag
- Tiltak som fremjar estetiske verdiar og det som er typisk for kulturlandskapet i heradet. Til dømes beiterydding som tar vare på styvetre og steingardar, og gjer dei synlege i landskapet
- Tiltak som legg til rette for pollinerande insekt
- Tiltak som fremjar tilgjenge i jordbrukslandskap for ålmenta
- Fellestiltak og nye søkjarar vert prioritert framfor føretak som har søkt fleire gangar tidlegare
- Tiltak som kan utløyse tilskot frå andre ordningar som regionalt miljøtilskot og Norsk kulturminnefond

6. Landbruket i Kvam herad

Det er 756 landbrukseigedommar i Kvam herad og i underkant av 200 aktive jordbruksføretak¹. Det er ein god blanding mellom store og små bruk, med nye og eldre bygningar. Hovudproduksjon er mjølk, sau og frukt. Det er nokon få produsentar med geit, gris, ammeku, egg, bær og grønsaker.

Mjølk

Kravet om lausdriftsfjøs i 2034 for mjølkebruk nærmar seg, og små og mellomstore bruk må snart ta stilling til om dei skal byggje nytt, leggje ned eller starte opp med ein ny produksjon. Om fleire vel å slutte med mjølk, kan resultatet verta færre beitedyr på innmark og i utmark, og færre kollegaer for mjølkebøndene. Dette vil gje mindre press på kulturbeita og i fjella, der småskog og kratt vert halde nede av store beitedyr.

Frukt

Det har vore ei god satsing på frukt nasjonalt til nyplantingar, og auka satsar på areal og frukt i produksjonstilskot. Dette har resultert i mykje nyplanta fruktfelt i heradet. Hardanger Fjordfrukt som

¹ Informasjon henta frå søknadar om produksjon og avløyartilskot i jordbruket og jordregister frå NIBIO.



mange levera frukta til, har satsa på ny lagerteknologi og kan lagre frukt mykje lenger og levere til butikk gjennom vinteren. Dette opnar opp for meir fruktproduksjon som framleis er eit satsingsområde.

Sau

Produksjon av sau er stabilt i kommunen med 112 aktive medlemmar i beitelag og vel 10 000 sau og lam på utmarksbeite². Dyra er jamt fordelt i heradet både på innmark og i utmark.

Klima og forureining

Det er blitt meir vær dei siste åra med mykje nedbørsmengder på kort tid. Hydrotekniske tiltak og tiltak retta mot forureining til vassdrag er meir aktuelt enn før. Særskilt må me ha fokus på rundballelagring, lagring av husdyrmøk og elvekantar i komande periode. Alle vassdrag skal ha god kvalitet og jordbruket er veldig relevant i dette arbeidet.

7. Tildeling av tilskot til ordninga

Tildelinga av tilskot til SMIL-ordninga har vorte redusert frå ei årleg ramme på kroner 800 000 i 2016 til ca. 500 000 kr dei siste åra. Dette har gjort at me har løyvd mindre til prosjekt enn tidlegare.

I perioden 2019 – 2024 har me hatt fylgjande midlar til disposisjon.

År	2024	2023	2022	2021	2020
Hovedtildeling	550 000	400 000	440 000	350 000	300 000
Ekstra tildeling haust		100 000	80 075	139 527	420 000
Sum tilskot		500 000	520 075	489 527	720 000

Hovudtildeling av tilskot til kommunane er på våren, og på hausten er det ein ekstra tildeling av tilskot til dei kommunane som melder inn at dei har ekstra trong for midlar. Utfordringa er ei låg hovudtildeling på våren som gjer at me må løyva mindre midlar til gode prosjekt. Dette gjev ein høgare risiko for at prosjekta ikkje vert gjennomført, då løyvinga vert for liten i forhold til forventningane. Me har hatt ein auke i tilbaketrekte midlar dei siste åra av prosjekt som ikkje vert gjennomført, og me mistenkjer at dette kan vera noko av årsaka. Dei tilbaketrekte midlane kan me omdisponere til nye tiltak før året er omme.

Me vil fortsetja med å ha ein hovudsøknadsrunde på våren med tildeling av midlar. For at tilbakeførte midlar frå prosjekt som ikkje vert gjennomført skal vera med i hovudsøknadsrunden på våren, vel me å setje arbeidsfristar på alle prosjekt på nyåret.

² Informasjon henta frå søknadar om produksjon- og avløysartilskot i jordbruket og jordregister frå NIBIO



8. Ulike tiltak som kan søkjast om tilskot til

8.1 Kulturlandskapstiltak

Færre bønder og nedlagte bruk gjev meir grovfôrareal per verksemd og husdyra er meir konsentrert i områder. Spesielt er det redusert beitetrykk på innmark og i utmark som er utfordringa med tilvekst av skog og gjerder som forfell. Særegne bratte kulturbeite med styvetrer, steingardar, svingete traktorvegar, kisteveiter og eldre frukttre er under press av gjengroing, og har trong for vedlikehald og restaurering. Det er viktig at me fortsett å prioritera restaurering av kulturbeite med god økonomisk kompensasjon.



Føretaket her har fått SMIL-støtte til HT gjerde og skjøtsel av beite då ein nabo gav seg med dyr. Støtta sikra vidare beiting og skjøtsel av eit stort samanhengande beite. Beite er nærliggande til turområde på Kjosås.

8.1.1 Restaurering av eldre kulturbeite

Tiltaka er rydding av skog, grøfte, sette opp gjerde, grind, og rydde gamalt gjerde og piggtråd.

Vilkår: område skal frå tidlegare av vore gamal kulturmark. Beite skal ha årleg skjøtsel med beiting i minimum 5 år etter at prosjektet er ferdig.

Sats: Opptil 50 % av godkjend kostnadsoverslag.



Beiterydding på våren på Fykse.



8.1.2 Årleg vedlikehald av prioriterte kulturbeite

Spesielt tungdrive kulturlandskap der grasnet må slåast med små maskiner, og landskapet er like viktig for ålmenta som for beitedyra, kan søkja om tilskot til årleg skjøtsel. Døme på slike plassar er på Fykse, Steinstø, Botnen og områder rundt Steinsdalsfossen. Populære stølsområde i turføremål som har for lågt beitetrykk og som er prega av gjengroing, kan få støtte til ekstra skjøtsel. Lista er ikkje uttømande.

Krav: Området skal merkast i kart. Arealet skal slåast minst ein gong i året i tillegg til beiting. Sats: Opptil 50 % av maksimalt 2000 kr per dekar.



Bilete frå Fykse der mykje av arealet vert hausta og slått med tohjulsslåmaskin og ryddesag.

8.2 Ureining og erosjonstiltak

Vassdrag skal ha god økologisk tilstand. Avrenning av næringsstoff til vassdrag er særst uheldig då det skal lite avrenning til for å gjera stor skade på vassmiljøet. Rundballar vert plassert strategisk for tilkomst i utkantar av bakkar, ofte i nærleiken av vassdrag. Avsig frå ballane er særst næringsrik, og lite avrenning gjer stor skade i vassmiljøet. Flaum som tar med seg rundballar ut i sjøen er tap av fôr og forureining av vassdrag. Lekkasje frå gjødsellager kan gje store konsekvensar både for miljøet og for bonden si lommebok. Dette er situasjonar som gjev dårleg omtale for bøndene og som er kostbare å ordne opp i. I SMIL vil me støtte førebyggjande tiltak for å avgrense ureining frå landbruket.

8.2.1 Forureining til luft og vassdrag

Etablering av dekke over gjødsellager dempar utslepp til luft og aukar lagerkapasiteten for husdyrgjødsel. Det er og vanleg å låne gjødselkjellar på nedlagte bruk. Om gjødselporten vert vedlikehalden og toler belastninga kan dette vera ei god løysing. Alle tiltak som vil avgrense næringsssalta frå å renne ut i vassdrag og forureining til luft kan få SMIL tilskot. Me kan nemne



Føretaket her har fått SMIL tilskot til å byggje tak på gjødselkumme.

- Tak på gjødsellager som redusera forureininga til luft og aukar lagringskapasiteten på husdyrgjødsel. *Sats: inntil 50 % av maksimalt 200 000 kroner.*
- Opparbeide permanent plass for lagring av rundballar på ein strategisk plass som avgrensar avrenning til vassdrag. *Sats: Inntil 50 % og maksimalt 50 000 kroner. Vilkår: plassen må vera der det ikkje er fare for avrenning til vassdrag og drenering. Minimum 50 meter frå vassdrag.*




I flaumutsette områder må avstanden vera lenger. Sjå rettleiar frå NLR om lagring av rundballar.

- Reparere og skifte ut delar på ein eldre gjødselport i tomme fjøs der gjødsellageret vert disponert av andre føretak. *Sats: inntil 50 % av 60 000 kroner.*
- Plastpresse. *Sats: Opptil 50 % av kr 50 000.*
- Beplantning langs vassdrag for å avgrense avrenning av næringsssalter. *Sats: inntil 50 % av kr 100/meter*

8.2.2. Hydrotekniske tiltak

Bekkar og elvar må tole kraftige regnskur, flaum og tunge maskiner. Erosjonssikring på enkelte parti for å sikre innmarka er vorte meir aktuelt. Det er regelverk og kunnskap ein må setje seg inn i før ein byrjar på slikt arbeid. Det kan søkjast om utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg og reparera skadar på eksisterande anlegg utover vanleg vedlikehald. Dette kan være reparasjon av øydelagde kummar og røyrutløp, sikringstiltak, reparasjon av enkelte avskjeringsgrøftar, trong for auka kapasitet på grunn av endra nedbørsforhold, planlegging og førebuing av tiltak.

Sats: Opptil 50 % av maksimalt 100 000



8.3 Kulturminne og kulturmiljø

Det kan gjevast tilskot til restaurering av verneverdige bygningar. Stølsbygningar, naust, eldhus, troskytjer og andre bygningar som er eller har vore nytta i drifta vert prioritert.

8.3.1 Bygningar

Materialar til utvendig og konstruksjon, vindauge, dørar og arbeidstid kan støttast. Normalt vedlikehald av bygningar som er i bruk vert ikkje støtta. Bygninga må ha ein verdi som eit element i kulturlandskapet, og ha ei kulturhistorisk interesse.

Sats: Maksimalt 40 % av godkjend budsjett.



Nyrestaurert skytje i tun i Strandebarm. Tiltaket har i tillegg til SMIL midlar, fått tilskot frå Norsk kulturminnefond og Norsk kulturarv.

8.3.2 Bakkemurar og steingardar

Det kan gjevast tilskot til restaurering av bakkemurar som er minst 50 cm høge og murte




bekkelaup i område med aktiv jordbruksdrift. Det kan også gjevast tilskot til restaurering av steingardar, der desse framstår som eit gjerde, og er minst 75 cm høge. Synlege gardar i kulturlandskapet og i tun vert prioritert.

Sats: Opptil 50 % av maksimalt 2000 kr per kvadratmeter.

8.4 Tilgjenge og friluftsverdiar

Å leggje til rette for turføremål gjennom innmark til utmark gjer at ålmenta kjem næmare jordbrukslandskapet og næringa. Tilrettelegging for parkering og tilkomst gjev godt omdømme for jordbruket, og grunneigar slepp parkering og unødvendig slitasje i grøft og på eng. Tynna skog langs bilveg syner eit aktivt og ope jordbrukslandskap og gjer landskapet meir tilgjengeleg for allmenta.



Grunneigarane på Sjusete har tilrettelagt godt til ålmenta med niste og badeplass, fritidsaktivitetar, tilgang til turstiar mm.

8.4.1 Turveggar og vedlikehald

Det kan gjevast tilskot til skjøtsel av turveggar og stiar, grindar og gjerdeklivarar, utsiktspunkt, informasjonsskilt, etablering av utsiktspunkt og nisteplassar mm. i jordbrukslandskap. Føremålet er å leggje til rette for at ålmenta kan kome tettare på kulturlandskapet i turføremål. Tiltaket gjeld og vøling av buføringsveg der denne inngår i ein turløype.



Sats: Opptil 70 % av maksimalt 60 000 kr

8.4.2 Parkering

Det kan gjevast tilskot til å etablere ein liten parkeringsplass for å unngå parkering i kantar på eng og i grøfter, og framtidig skjøtsel av denne, som kjem av slitasje frå allmenta. Tiltaket gjeld tilkomst til turveg som ikkje har veg/parkeringsavgift.

Sats: Opptil 50 % av maksimalt 60 000 kr



8.4.3 Utsiktsrydding

Langs bilveg og tursti som har utsikt til jordbrukslandskap, minner, verneverdige bygg ol. kan få tilskot for arbeid og bruk av utstyr.

Sats: Opptil 70 % av maksimalt 5000 kr per tiltak.

8.4.4 Tiltak som legg til rette for fritidsaktivitetar

Det kan gjevast tilskot til å leggje til rette for fiske, bade og nisteplassar i jordbrukslandskap. Fiskebrygge, benk, bålplass, informasjonsskilt ol. er døme på tiltak..

Sats: Opptil 70 % av maksimalt 30 000 kr per tiltak.

8.5. Biologisk mangfald

Jordbrukslandskapet er viktig for mange dyre-, og planteartar. Endring i driftsmetodar, gjengroing og endra utnytting av naturressursane endrar landskapet og leveområda for fleire artar. I tillegg er det vekst av framande artar som konkurrera ut heimhøyrande artar. Med kunnskap og skjøtsel kan ein nedkjempe framande artar og legge til rette for tilhøyrande artar.

8.5.1 Pollinerande insekt

Det kan gjevast tilskot til tiltak som er retta mot pollinerande insekt. Tiltak kan vera å leggje til rette for riktblomstrande kantsoner rundt jordbruksareal, lage insektshotell, plante levegg av tidlegblomstrande buskar/tre mm. Det kan gjevast tilskot til frø, plantar, materiale og arbeid.

Sats: opptil 70 % av maksimalt 3000 kr per tiltak.

Vilkår: sonene må ikkje gjødslast og sprøytast, bruk frø og planter som finst naturleg i Noreg. Sonene må slåast etter bløming og graset rakast vekk.

8.5.2 Trua natur, utvalde naturtypar og prioriterte artar

Tilskot kan gjevast til istandsetjingar av tiltak av trua natur som slåttemark, naturbeitemark, hule eiker, og tiltak som tar vare på trua fugleartar på jordbruksareal.

Sats: Opptil 70 % av maksimalt 3000 kr per dekar

Vilkår: Det må lagast ein skjøtelsplan.



8.5.3 Framande artar

Framande artar i utkantar av jordbruksareal, ustelt areal og i grøfter kan vera eit vidare springbrett for formeiring. Aktuelle artar i Kvam er blant anna parkslirekne, kjempespringfrø og brunsnigel. Tilskot kan gjevast til plantevernmidlar og feller mm. Tiltaket gjeld ikkje vanleg ugras og skadedyr. Til nedkjemping av parkslirekne kan det vera lurt med ein kombinasjonsbehandling der ein slår planta fyrst tidleg i sesongen, deretter sprøyter når planta er 0,75 – 1,5 meter høg. For informasjon og nedkjemping av arten kan ein lese meir om her: [Kontroll av parkslirekne | Norsk Landbruksrådgiving \(nlnr.no\)](http://nlnr.no)

Vilkår: Planteavfall må ikkje kastast på andre avfallshaugar ol. då dei som oftast er ekstremt spiredyktige. Om planta veks langs vassdrag må ein ha godkjenning frå Mattilsynet for å bruke sprøytemiddel. Planterestar må tørkast på staden, brennast, eller eventuelt leverast til BIR der dette er mogleg. Ein må sjå til område i dei to påfølgjande vekstsesongar for å sjå om det trengs fleire tiltak.

Sats: opptil 70 % av kr 5000 per tiltak.

9. Presiseringar

Lista ovanfor er ikkje uttømande. Andre tiltak som fell inn under føremålet i Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket, kan og vere aktuelle

10. Sakshandsaming

- Søknadsfrist 1.mars kvart år med forventna svar innan 1.juli.
- Søknad skal leverast digitalt med innlogging i Altinn. Søknad finn du her [SMIL](#)
- Søknaden skal innehalde:
 - Kart over eigedommen, med teikna plassering av tiltak.
 - Beskriving av prosjektet
 - Spesifisert kostnadsoverslag (materialkostnadar, innleigd arbeid, eige arbeid mm.)
 - Foto som syner dagens tilstand der dette er naturleg



11. Samletabell med satsar

Tiltak	Sats opptil		Maks tilskot
Kulturlandskapstiltak			
Eige arbeid	350	kr/time	50 %
Eige arbeid med motorsag	400	kr/time	50 %
Traktor	800	kr/time	50 %
Gravemaskin	800	kr/time	50 %
Gjerde maks	80	kr/m	50 %
Ht gjerde maks	200	kr/m	40 %
Restaurere beite maks	3 500	kr/dekar	50 %
Slått spesielt kulturlandskap	2 000	kr/dekar	50 %
Ureiining og erosjonstiltak			
Rundballelagring	50 000	kr	50 %
Tiltak gjødsellager	200 000	kr	50 %
Beplantning	100	kr/m	50 %
Hydrotekniske tiltak	100 000	kr	50 %
Plastpresse	50 000	kr	50 %
Kulturminne og kulturmiljø			
Kulturminne - bygningar	Budsjett		40 %
Bakkemurar og steingardar	2 000	kr/m	50 %
Tilgjenge og friluftsverdiar			
Turvegar og vedlikehald	60 000		70 %
Parkering	60 000	kr	50 %
Utsiktsrydding	2 000	kr/daa	70 %
Tilrettelegge for fritidsaktivitetar	30 000		70 %
Biologisk mangfald			
Tiltak for pollinerande insekt	3 000	kr/tiltak	70 %
Tiltak for trua natur og artar	3 000	kr/daa	70 %
Tiltak for framande artar	5 000	kr/tiltak	70 %

